



ULSTEIN KOMMUNE
Plan- og bygningsavdelinga

Asplan Viak As Avd Ålesund
Lerstadvegen 545
6018 Ålesund

Vår referanse
24/1910 24/12495

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Cecilie Roppen

Dato
10.09.2024


Referat frå oppstartsmøtet - Detaljregulering for Kvalneset masseuttak og deponi

Møtestad: Ulstein rådhus	Møtedato: 02.09.2024
Frå kommunen: Anita Sundnes, Vegard Ertesvåg, Arne Runar Vik, Cecilie Roppen	Frå forslagsstillar: Anna Hellstrøm, Astrid Drake, Synnøve Forseth Skorstad, Irene Dyrnes Rokstad, Gaute Markussen, Harald Sætre, Kai-Ove Nesset

Kontaktinformasjon

Forslagsstillar: Franzefoss Gjenvinning As	Plankonsulent: Asplan Viak As
v/ Gaute Markussen	v/ Anna Hellstrøm
E-post: gama@franzefoss.no	E-post: Anna.hellstrom@asplanviak.no
Telefonnr: 90620572	Telefonnr: 476 72 792
<input checked="" type="checkbox"/> Kopimottakar	Kontaktperson
Ulstein kommune	Kommunen sin sakshandsamar:
postmottak@ulstein.kommune.no	Cecilie Roppen
Telefonnr: 700 17 500	E-post: cecilie.roppen@ulstein.kommune.no
	Telefonnr: 70017603

Kart/Illustrasjon over planområdet:



Saksopplysningar:

Plannamn: Kvalneset masseuttak og deponi

PlanID: 20240002

Føremål med planarbeidet: Masseuttaket på Kvalneset har vore i bruk sidan 1965. Det er no ønskje om å også bruke området for ordinært deponi av masser. I tillegg er det ønskje om mellombels lagring og behandling av masser. Då gjeldande reguleringsplan ikkje legg til rette for dette er det behov for ny reguleringsplan.

Plantype: Detaljreguleringsplan - ny plan

Planstatus:

Kommune(del)plan: Kommuneplanens arealdel 2019-2032

Reguleringsplan: Kvalneset masseuttak, planID 20110004

Andre kommunale føringsdokument: Kommuneplanen sin samfunnsdel

Andre pågåande planprosessar i området? Kvalneset næringsområde, planID 20130006 – Vil bli avslutta. Interkommunal kystsoneplan, planID 2021 – 2. gongs off. ettersyn. Legg opp til omsynssone for friluftsliv og bevaring naturmiljø/sårbare sjøresipientar.

Konsekvensutgreiing (jf. [forskrift om konsekvensutgreiingar](#))

Kjem planarbeidet inn under forskrifta §6 og vedlegg 1? nei

Kjem planarbeidet inn under forskrifta §8 og vedlegg 2? ja

I tilfelle §8: vurdering av verknader for miljø og samfunn jf. forskrifta §10:

Utløyer planarbeidet krav om konsekvensutgreiing?	KU utan planprogram jf. §8
Kommentar: Tiltaket er vurdert å utløyse krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing sitt vedlegg II. Planer etter plan- og bygningsloven og tiltak etter annet lovverk som skal vurderast nærare. Tiltaket fell under nr. 11 k «Deponier for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50 000m ³ masse». KUen skal omfatte natur i sjø, landskap, skred og samfunn. Vurderer planprogram.	

Avgrensinga til planområdet	
Kommunen sin kommentar til planavgrensinga	Vurdere å ta med kryss mot fylkesveg og tilkomstveg fram til planutvidinga vest for tilkomstveg.
Er det aktuelt å oppheve gjeldande planar heilt eller delvis?	Gjeldande plan blir oppheva.
Endeleg planavgrensing i SOSI-format samt forslag til annonsetekst skal sendast til kommunen for godkjenning før planarbeidet kan varslast.	

Utgreiingstema (ikkje uttømande liste)	
Planfaglege vurderingar	
Jordvern / landbruksfaglege vurderingar	Det er registrert middels og stor verdi for dyrkbar jord. Det må kommenterast ut i planomtalen.
Naturmangfald	Regionalt viktig gytefelt for torsk. Det er registrert større tareskogforekomst i sjøen utanfor planområdet. Botnavika er sjøresipient med svært dårleg økologisk tilstand. Må gjere vurdering etter nml.
Kulturlandskap og kulturminne	Verdifullt kulturlandskap, den grønne korridor. Plangrensa er innanfor omsynssone bevaring kulturmiljø som ligg i kommuneplanens arealdel.
Beredskapsmessige vurderingar/ROS-analyse	Nytte DSB sin rettleiar for risiko- og sårbarheitsanalyse. Faremoment som måtte gå fram må vurderast nærare. Skred, støy, sikring av området for å hindre uvedkomande og luftforureining er moment som må vurderast.
Klima og miljø, forureina grunn	Klimaframskrivingar, registrert eit mindre område med forureina grunn. Vurdering av forureina grunn etter endra bruk.
Born/unge, eldre, og dei funksjonshemma si interesse	Friluftsliv – Det er registrert som strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag, verdsett til C-registrert friluftslivsområde. Må kommenterast ut i planomtalen.
Veg, trafikkavvikling, transport	I kommuneplanens arealdel ligg det inne framtidig gang- og sykkelveg langs tilkomstvegen. Vurdering av om det vert ei auke i trafikken og om krysset mot fv. treng utbetringar.
Vatn, avløp, renovasjon, elforsyning med meir	22 kV høgspente line går gjennom området. Faresone må vidareførast. Sendast på høyring til Linja. Oppsamling og reinsing av sigevatn.
Handtering av overvatn	Kartlegge vassvegar og om desse kan påverke sigevatnet.
Behov for utbyggingsavtale	Ikkje aktuelt.

Støy	Støy frå anlegget
Estetisk utforming og omsyn til omgjevnadane.	Endring av landskapet og innsyn/fjernverknad frå Dimnøya, Herøy kommune ved vidare uttak av massar.
Økonomiske konsekvensar for kommunen	Ingen kjende.
Bidrag frå kommunen i planprosessen	Nei
Eigedomsgrenser	Dersom eigedomsgrensa er utgangspunktet for ytre plangrense, og denne ikkje er koordinatfesta, må det rekvirerast klarlegging av grensa for å få stadfesta denne, og ev andre grenser som er styrande for planen.
Anna	

Komplett planforslag skal innehalde:

Materiell:	Format	Merknad/kommentar:
<input checked="" type="checkbox"/> Utfylt kravspesifikasjon	docx	sjå lenke nedst i dette dokument
<input checked="" type="checkbox"/> Plankart	PDF, SOSI	
<input checked="" type="checkbox"/> Føresegner	PDF, docx	
<input checked="" type="checkbox"/> Planomtale	PDF, docx	
<input checked="" type="checkbox"/> Merknadsskjema	PDF	
<input type="checkbox"/> Illustrasjonsplan	PDF	
<input type="checkbox"/> Snitt og oppriss	PDF	
<input checked="" type="checkbox"/> Fotomontasje, perspektiv	PDF	
<input type="checkbox"/> 3D-modell	Vrml/kml/kmz/x3d/3ds	
<input type="checkbox"/> Sol- og skyggeillustrasjonar	PDF	
<input type="checkbox"/> Lengde- og tverrprofilar veg	PDF	
<input checked="" type="checkbox"/> ROS-analyse	PDF	DSB-rettleiar
<input type="checkbox"/> Teknisk plan VA	PDF	
<input type="checkbox"/> Kulturminnedokumentasjon	PDF	
<input checked="" type="checkbox"/> Støyrapport	PDF	Sjekkast ut
<input type="checkbox"/> Plan for avfallsordning	PDF	
<input type="checkbox"/> Trafikkanalyse	PDF	
<input type="checkbox"/> Landskapsanalyse	PDF	
<input checked="" type="checkbox"/> Naturmangfaldrapport	PDF	Kartlegging av natur i sjø og vurdering av påverknad sårbar resipient
<input checked="" type="checkbox"/> Skredfarerapport/geologi	PDF	
<input type="checkbox"/> Flomfarerapport	PDF	
<input type="checkbox"/>		
<input type="checkbox"/>		

Prosess

Særskilde behov for medverknad	ja Kommentar: Offentlege møter
--------------------------------	-----------------------------------

Forventa planprosess	Oppstartsak Teknisk utval-kunngjering-planframlegg (ev. godkjenning av planprogram)-Teknisk utval-offentleg ettersyn-ev. justering av planforslag/nytt off. ettersyn-Teknisk utval-Kommunestyret
Behov for seinare dialogmøte mellom forslagsstillar og kommune	Etter avtale Kommentar:
Fristar for planframlegget:	
Kunngjering av oppstart	Seinast 6 mnd etter oppstartmøte / politisk oppstartsak
Innlevering av planforslag til 1. gongs behandling	Innan 2 år etter oppstartmøte / politisk oppstartsak
Ved overskriding av desse fristane vert saka avslutta om ikkje plankonsulent har vore i dialog med planavdelinga og fått avtale om andre fristar.	

Plangebyr	
Handsaming av planforslag vert gebyrlagt i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ	Sats for oppstartmøte : kr 12 031 Gebyr for privat framlegg til detaljregulering/vesentleg endring vert fakturert ved 1. gongs handsaming, i tillegg til gebyr for KU.

Kommunen sine råd og vurderingar	
Er det usemje om vesentlege punkt?	nei
Kommentar:	
Vil kommunen vurdere å stoppe planinitiativet? (jf. pbl §12-8 2. ledd)	nei
Kommentar: Avheng av resultat av rapport om sårbar sjøresipient og naturkartlegging.	

Stadfesting og atterhald

Informasjonen frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde og andre vil kunne føre til krav om endring av prosjektet og ev. nye utgreiingar som ikkje er nemnt her.

Utgreiingar og endringar av planen etter offentleg ettersyn må normalt kostast av forslagsstillar.

Referat er lest gjennom og godkjend av partane.

Sist revidert: **10.09.2024** etter innspel frå Anna Hellstrøm.

Lenke til kommunen sine maler for utarbeiding av planforslag:
[Kravspesifikasjon med sjekklister og mal for utarbeiding av føresegner.](#)

-med også andre nyttelener.

Med helsing

Cecilie Roppen
planleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til
Franzefoss Gjenvinning As Postboks 53 1309 RUD